



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 12.12.2023 kl. 17:30-19:03

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

|                        |           |
|------------------------|-----------|
| Wenche Ness Gabrielsen | Leiar     |
| Terje Mork             | Nestleiar |
| Arnt Johny Langeland   | Medlem    |
| Oddgun Grane           | Medlem    |
| Jarle Magnus Vilnes    | Medlem    |
| Lillian Gjervik        | Medlem    |
| Jostein Gryte          | Medlem    |
| Frida Melvær           | Medlem    |
| Synnøve Melvær         | Medlem    |
| Tommy Erdal            | Medlem    |
| Dag Erlend Grane       | Medlem    |

---

### Forfall:

|                  |        |
|------------------|--------|
| Gro Eikebø Stang | Medlem |
|------------------|--------|

---

### Møtande frå administrasjonen:

|             |             |
|-------------|-------------|
| Rune Ziener | Kyrkjeverje |
|-------------|-------------|

### Saker handsama på møtet:

| Saksnr     | Uoff | Tittel  | Sakshandsamar |
|------------|------|---|---------------|
| SR 2023/52 |      | Godkjenning av innkalling og dagsorden  | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/53 |      | Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 18.10.2023                               | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/54 |      | Skriv, meldingar og drøftingar  | RUNE ZIENER   |
| FR 2023/55 |      | Reglement for partssamansett utval  | RUNE ZIENER   |
| FR 2023/56 |      | Val av arbeidsgivarrepresentantar til partssamansett utval (administrasjonsutvalet) | RUNE ZIENER   |
| FR 2023/57 |      | Val av forhandlingsutval  | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/58 |      | Val av arbeidsutval (AU)  | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/59 |      | Val av trusopplæringsutval  | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/60 |      | Val av kyrkjelydsutval frå 01.01.2024   | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/61 |      | Offerlister 1. halvår 2024  | RUNE ZIENER   |

Askvoll, 12.12.2023

Rune Ziener  
referent

---

## SR 2023/52 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre

---

## SR 2023/53 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 18.10.2023

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 18.10.2023.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 18.10.2023.

---

## SR 2023/54 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 29/23 Kvammen kyrkjelydsutval. Møtereferat (27.09.2023)

M 30/23 Askvoll kommune: *Melding om vedtak - val av medlem til soknerådet 2023-2027*  
(02.11.2023)

M 31/23 Rådsopplæring i Førde 22.01. Arr. KA. NB! Påmeldingsfrist 15. des

M 32/23 Kvammen kyrkjelydsutval. Møtereferat (28.11.2023)

M 33/23 Askvoll kyrkjelydsutval. Møtereferat (27.11.2023)

M 34/23 Kirkerådet: *Ny bevarings- og kassasjonsplan for papirarkiver for lokale enheter i Den norske kirke - Prosjekt for nasjonal avleveringsplan* (27.11.2023)

- M 35/23 Riksantikvaren: *Vilnes kyrkje - El-utskifting. Statsbudsjettet 2023 kap. 882 post 61 (BDF) - Utbetaling av tilskudd* (04.12.2023)  
M 36/23 Trusopplæringsutvalet. Møtereferat 05.12.2023  
M 37/23 Kyrkjefagdag i Askvoll 30.01.2024 kl 0930-1630  
M 38/23 Møtetidspunkt framover  
M 39/23 Bjørgvin biskop: *Biskopen si oppnemning av geistleg representant i fellesråd i Sunnfjord prosti 2023-2027* (07.12.2023)  
M 40/23 Holmedal kyrkjelydsutval. Møtereferat 05.12.2023  
M 41/23 Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane: *Vedr. søknad frå Askvoll sokn om gåve på 30.000* (11.12.2023)  
M 42/23 Evt: Status Holmedal kyrkje

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering

## **MØTEHANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande presiseringar:

*Til M-sak 38/23: Føretrukke møtetidspunkt i soknerådet er onsdagar frå kl. 1730.*

*Til M-sak 41/23: Jubileumskomiteén for Vilnes kyrkje arbeider vidare med finansiering av prosjektet.*

---

## FR 2023/55 Reglement for partssamansett utval

### UTGREIING

Gjeldande reglement for administrasjonsutvalet i Askvoll vart vedteke 14. januar 2016. Reglementet gjeld t.o.m. desember 2023, jf. vedtak FR 2019/51 frå møte 10. desember 2019 og reglements punkt 6.

Soknerådet må såleis vedta ny gyldigheitsperiode for reglementet. Det ligg ikkje føre grunnar for saklege endringar i reglementet, men det må oppdaterast når det gjeld henvisningar til regelverk, mellom anna som følgje av opphevinga av Kyrkjelova 01. januar 2020.

Oppdateringar er innarbeidd i reglementet nedanfor med gjennomstreking av utgåande tekst og ny tekst i feit kursiv.

## REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVAL

*Utvalet skal utføre oppgåvene sine i samsvar med føresegnene i Forvaltningsloven og Offentlighetsloven. Spørsmål om habilitet skal vurderast ut frå Forvaltningsloven § 6 der ein angir både objektive kriterier og kriterier etter skjønn. I tillegg gjeld ~~Kirke-loven § 38~~ **Kirkeordningen § 42** andre ledd.*

### 1 Val og samansetjing

Administrasjonsutvalet består av 2 medlemmer valde av og frå soknerådet, og 1 medlem peika ut av og blant arbeidstakarane. Der der ein eller fleire arbeidstakarar er medlem i ein arbeidstakarorganisasjon med partsrett, peikar ein ut arbeidstakarrepresentantane etter reglane i Hovedavtalen § 10.

Arbeidstakarar kan ikkje veljast som arbeidsgivarrepresentantar.

Arbeidsgivarrepresentantane blir valde blant representantane i soknerådet. Soknerådet vel leier og nestleiar blant arbeidsgivarrepresentantane i utvalet.

Både arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantane blir valde/peika ut for ein 4-års periode (dvs. valperioden for soknerådet). Dersom spesielle grunnar taler for det, er det høve for arbeidstakarsida til å skifte ut medlemene sine etter 2 år.

Dersom ein medlem går ut av utvalet, blir nytt medlem vald / peika ut for resten av perioden sjølv om det er valt varamedlem. Gjeld denne leiaren, skal det veljast ny leiar, sjølv om det tidlegare er valt nestleiar.

Det blir valt/peika ut personlege varamedlemer både for arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantane.

## 2 Mandat

Administrasjonsutvalet er soknerådet sitt partssamansette utval etter ~~Kirkelovens § 35~~ **Kirkeordningen § 41**. Utvalet har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setje slike spørsmål på dagsorden. Utvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom soknerådet som arbeidsgivar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovedavtalen § 10-1 «Administrasjonsutvalg/partssammensett utval».

### Kommentar:

*Ein føresetnad er at administrasjonsutvalet ikkje handsamar personalsaker, og ikkje erstattar administrasjonen si rolle i personalforvaltninga.*

*Føresegnene i Hovedavtalen § 10-1 kan tilpassast dei lokale forholda. Dette er det gitt høve til i Hovedavtalen § 7-4. Det kan til dømes gjelde tal på medlemer (2+1 i staden for 3+2), fleirtalsval i staden for forholdstalsval av arbeidstakarrepresentantar og kva saker utvalet skal behandle. Uavhengig av kva slags tilpassingar det er tale om, gjeld ~~Kirkeloven § 35~~ **Kirkeordningen § 41** og intensjonen bak denne paragrafen.*

## 3 Saker der utvalet har avgjerdsrett

Administrasjonsutvalet fattar vedtak innanfor dei retningslinjene som er fastsette i lov, i medhald av lov eller er vedtekne av fellestrådet, og innanfor fastsette budsjetttrammer.

Utvalet har avgjerdsrett i følgjande saker:

- Tilsetjing av arbeidstakarar, jf. likevel HA §10-2 og dei unnatak ein finn i punkt 4 første ledd i reglementet.
- Godkjenne stillingsomtaler for stillingar der utvalet har tilsetjingsrett.
- Konstituere i stillingar der utvalet har tilsetjingsrett.

- Avgjere søknader om permisjon som går ut over det som står i Permisjonsreglementet, og avgjere tvist om tilsette kan ha anna lønna arbeid utanom hovudstillinga (jf. Arbeidsreglement punkt 13).
- Avgjere spørsmål som gjeld tolking av fellesrådet sine reglement om tilsetjing og arbeidsvilkår. (Tolkning av tariffavtaler følgjer reglane i Hovedavtalen § 5 ).
- Andre saker som soknerådet delegerer til utvalet.
- 

#### **4 Saker der utvalet har uttalerett**

- ved tilsetjing av dagleg leiar for soknerådet og andre leiarstillingar der soknerådet tilset.
- ved oppretting, nedlegging eventuell endring av stillingar.
- ved fastsetjing eller endring av reglement som gjeld arbeidstakarane, for eksempel permisjonsreglement, tilsetjingsreglement, reglement for administrasjonsutval, arbeidsreglement og ev andre lokale reglement.
- ved utvikling og omstillingsprosessar, inkl. nye organisasjons- og bemanningsplanar. (jf. Hovedavtalen § 10-1 b)
- ved innføring av ny teknologi og vesentleg omlegging av dei tekniske hjelpemiddela.
- ved forslag til effektiviseringstiltak.
- ved andre saker av personalpolitisk karakter som fellesrådet legg fram for utvalet.

#### **5 Møte i administrasjonsutval**

- Utvalet skal ha møte når leiaren finn det nødvendig eller når minst 2 medlemmer krev det. For å ivareta framdrift og kontinuitet bør det utarbeidast ein årleg møteplan for utvalet.
- Utvalet blir innkalla skriftleg med 7 dagars varsel. Saksdokumenta blir sende til medlemmer og varamedlemmer og andre med møterett.
- Møta i utvalet blir normalt halde for lukka dører.

- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, medrekna leiar eller nestleiar. Vedtak vert fatta med allment fleirtal. Ved likt stemmetal er stemma til leiaren avgjerande.
- Dagleg leiar/ kyrkjeverja eller den han peikar ut, er sekretær for utvalet. Sekretæren har møteplikt, samt tale- og forslagsrett.
- Leiaren i soknerådet og dagleg leiar/kyrkjeverje har møte-/tale- og forslagsrett i utvalsmøta sjølv om desse verken er medlem eller sekretær i utvalet.
- Sekretæren kan i samråd med leiaren innkalle andre det er ønskjeleg å rådføre seg med.
- Det skal førast møtebok som blir sendt til medlemmer og varamedlemmer og andre med møterett så snart som mogeleg etter møtet. Møtebok blir også send medlemene i fellesrådet.

## **6. Tidsramme**

Dette reglementet blir gjort gjeldande for perioden t.o.m. desember ~~2023~~  
**2027.**

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd oppdaterer reglementet for administrasjonsutvalet i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Reglementet vert gjort gjeldande frå 01.01.2024 t.o.m. 31.12.2027.

## **MØTEHANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd oppdaterer reglementet for administrasjonsutvalet i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Reglementet vert gjort gjeldande frå 01.01.2024 t.o.m. 31.12.2027.

---

## FR 2023/56 Val av arbeidsgivarrepresentantar til partssamansett utval (administrasjonsutvalet)

### UTGREIING

Etter hovudavtalen for KA sitt tariffområde § 10-1, jf. kyrkjeordninga § 17 skal det oppnemnast eit partssamansett utval som handsamer saker som gjeld forholdet mellom sokna/soknet som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Det ligg føre ein eigen instruks for utvalet i Askvoll (sjå: <https://askvoll.kyrkja.no/Portals/0/Reglement%20for%20administrasjonsutvalet%202020.pdf>).

Arbeidsgjevar sine representantar skal utgjere eit fleirtal i utvalet, og dei tilsette bør normalt sett vere representert med minst to representantar (jf. rettleiing til hovudavtalens § 10).

Arbeidstakarane sin representant vert valt av og mellom dei tilsette.

Som normalordning bør forholdstalet vere 3-2, men det kan avtalast lokale tilpassingar, t.d. 2-1 (sjå HA § 7-4). Ei slik tilpassing hadde ein i soknet i sist valperiode.

For å få kontinuitet i arbeidet, vil det som oftest vere tenlig at det er dei samme representantane som også utgjer arbeidsutvalet, eventuelt også forhandlingsutvalet i verksemda.

Administrasjonsutvalet har hatt slik samansetjing førre periode:

*Jostein Gryte (leiar) med Kristin Rivedal Yndestad som varamedlem*

*Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem*

*Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette*

*Rune Ziener (sekretær)*

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd utpeikar \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som medlemmer (arbeidsgivarrepresentantar) i kyrkjeleg administrasjonsutval med \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som personleg vara.
2. Leiar i administrasjonsutvalet er \_\_\_\_\_ og nestleiar er \_\_\_\_\_ .

### MØTEHANDSAMING

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd utpeikar Wenche Ness Gabrielsen og Terje Mork som medlemmer (arbeidsgivarrepresentantar) i kyrkjeleg administrasjonsutval med Jostein Gryte og Lillian Oddekalv Gjervik som personleg vara.
2. Leiar i administrasjonsutvalet er Wenche Ness Gabrielsen og nestleiar er Terje Mork.



---

## FR 2023/57 Val av forhandlingsutval

### UTGREIING

For å gjennomføre lokale lønnsforhandlingar bør det veljast eit forhandlingsutval på t.d. to personar. For å sikre kontinuitet i utvala er det ein fordel at det er dei som veljast sitt i administrasjonsutvalet og arbeidsutvalet. I tillegg bør det veljast to varamedlemmer. Kyrkjeverja bør ha sekretærfunksjon i utvalet. Det ligg ikkje føre noko reglement for utvalet, men det er tilstrekkeleg at soknerådet gir fullmakt til utvalet i kvar enkelt sak.

Forhandlingsutvalet har hatt slik samansetjing førre periode:

*Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Kristin Rivedal Yndestad som varamedlem*

*Jostein Gryte (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem*

*Rune Ziener (sekretær)*

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd utpeikar \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som medlemmer i forhandlingsutvalet med \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som personleg vara.

2. Kyrkjeverja er sekretær for utvalet.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd utpeikar Terje Mork og Wenche Ness Gabrielsen som medlemmer i forhandlingsutvalet med Lillian Oddekalv Gjervik og Jostein Gryte som personleg vara.

2. Kyrkjeverja er sekretær for utvalet.

---

## SR 2023/58 Val av arbeidsutval (AU)

### UTGREIING

Etter kyrkjeordninga § 11, kan:

*«Menighetsrådet (...) gi lederen eller denne og minst to av rådets medlemmer (arbeidsutvalg) fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelse i saker som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med hjemmel i slik fullmakt skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.»*

Arbeidsutvalet i Askvoll har ikkje fått nokon generell fullmakt frå rådet, men har fatta beslutningar med fullmakt i enkeltsaker, og elles ved behov førebudd saker for soknerådet.

I førre soknerådsperiode var utvalet sett saman av leiar, nestleiar og sokneprest med kyrkjevevjerje som sekretær:

Jostein Gryte (leiar)  
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)  
~~Kjell Olav Høstaker Nordheim (slutta)~~  
Rune Ziener (sekretær)

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd utpeikar \_\_\_\_\_, \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som medlemmer arbeidsutvalet med \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som varamedlemmer.
2. Kyrkjevevjerja er sekretær.

### MØTEHANDSAMING

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd utpeikar Wenche Ness Gabrielsen, Terje Mork og Tommy Erdal som medlemmer arbeidsutvalet med Jostein Gryte og Lillian Oddekalv Gjervik som varamedlemmer.
2. Kyrkjevevjerja er sekretær.

---

## SR 2023/59 Val av trusopplæringsutval

### UTGREIING

Det ligg føre eit eige reglement for utvalet, sjå:

<https://askvoll.kyrkja.no/Portals/0/Reglement%20for%20trusopplæringsutvalet%20i%20Askvoll.pdf>

Etter reglementet skal trusopplæringsutvalet ha «særleg merksemd retta mot trusopplæringsarbeidet i soknet og bidra til å styrkje det lokale engasjementet for trusopplæringa i kyrkjelyden. Vidare skal utvalet sjå til at lokal trusopplæringsplan vert evaluert éin gong per valperiode og vidareutvikla, samt at tiltak i planen vert gjennomførte.»

Særleg viktig er det i ein periode med vakanse i kyrkjelydspedagogstillinga at utvalet trer raskt i funksjon med sitt arbeid.

Etter vedteke reglement for trusopplæringsutvalet pkt. 2.2 skal det i tillegg til trusopplæringskontakten, vere minst tre andre medlemmer oppnemnt av soknerådet i utvalet, utanom trusopplæringsmedarbeidaren.

Utvalet har vore slik samansett i førre periode:

|  |
|--|
| Sigrid Lunde (leiar)                       |
| Arnt Johny Langeland (nestleiar)           |
| Stine Solheim Rørvik                       |
| Karen Anny Espedal                         |
| Lillian Oddekalv Gjervik                   |
| Marit Veim Thistel                         |
| Guri Høstaker Nordheim (sekretær) (slutta) |

Trusopplæringsutvalet var samla til møte 05.12.2023 (sjå eiga M-sak) der i tillegg til utvalet møtte sokneprest Tommy Erdal og kyrkjeverje Rune Ziener, der det på saklista mellom anna var ført opp framstilling av forslag til medlemmer av utvalet for ein ny periode.

Fleire går ut av utvalet, men nokre sitjande medlemmer skal spørjast om dei tek ein ny periode, og potensielt nye medlemmer skal tilspørjast.

Arnt Johny Langeland seier seg villig til å ta ein ny periode.

#### Vurdering:

Utvalet bør få noko meir tid på seg til å verte komplettert med forslag til nye medlemmer, så oppnemning bør verte utsett til seinare sak.

### INNSTILLING

1. Ein kjem tilbake til oppnemning av trusopplæringsutval for Askvoll sokneråd for perioden 2024-2027 i seinare sak.

## **MØTEHANDSAMING**

Justeringsforslag sett fram av Arnt Johny Langeland om kyrkjeverja si innstilling, men med "neste møte" i staden for "seinare sak".

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Ein kjem tilbake til oppnemning av trusopplæringsutval for Askvoll sokneråd for perioden 2024-2027 i neste møte.

## SR 2023/60 Val av kyrkjelydsutval frå 01.01.2024

### UTGREIING

Askvoll sokneråd har pr. desember 2023 fem operative kyrkjelydsutval. Noverande utval har funksjonstid ut 2023, og nye utval bør veljast.

Ordninga med kyrkjelydsutval er inga obligatorisk ordning ut frå sentrale reguleringar, men er etablert lokalt som følgje av soknerådssamanslåinga til eitt sokn i Askvoll kommune.

Alle utvala bør ha minst éin representant frå soknerådet i Askvoll.

Når det gjeld dei fem kyrkjelydsutvala, står det i organisasjonsplan for soknet i samband med overgang til eittsoknskommune, at utvala sine oppgåver er:

- Gudstenestefornyng
- Finne kyrkjevertar/tekstlesarar
- Utarbeidde framlegg til offerlister
- Organisere kyrkjekaffi/kyrkjefrukostar og liknande.
- Arrangere friluftsgudstenester
- Drøfte/avklare saker som er delegert frå soknerådet

Utvala har hatt slik samansetjing førre periode:

| Askvoll          | Vilnes                   | Holmedal          |
|------------------|--------------------------|-------------------|
| Ingvild Loftheim | Lillian Oddekalv Gjervik | Terje Mork        |
| Oddgeir Askevold | Gunn Elin Sætre          | Kari Berit Ness   |
| Dagny Søvig      | Esther Hugøy             | Jorunn Bull       |
| Arne Tjugum      | Oddgunn K. Grane         | Maren Linnea Mork |
| Liv Hushagen     |                          | Karen Espedal     |
| Aud Frøholm      |                          | Ellen Marie Tveit |

| Kvammen            | Bulandet             |
|--------------------|----------------------|
| Marit Leknes Gryte | Arne Fedøy           |
| Torbjørn Øglænd    | Tone Nybø            |
| Sigrd Lunde        | Kathrin Sunde Rogne  |
|                    | Magnar Hillersøy     |
|                    | Synnøve Melvær       |
|                    | Marit Veim Thistel   |
|                    | Målfrid Hittun Fedøy |

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

Kyrkjelydsutvala har vore tilskrive med spørsmål om å finne aktuelle medlemmer til utvalet før soknerådsmøtet 05.12.2023 før val av nye utval.

Følgjande forslag er motteke pr. 06.12.2023 (oppdatert pr. 11.12.2023):

| <b>Askvoll</b>   | <b>Bulandet</b>      |
|------------------|----------------------|
| Ingvild Loftheim | Kathrin Sunde Rogne  |
| Svanhild Ask     | Arne Fedøy           |
| Vidar Kaland     | Målfrid Hittun Fedøy |
| Dagny Søvig      | Magnar Hillersøy     |
| Frida Melvær     | Synnøve Melvær       |
| Liv Hushagen     | Marit Veim Thistel   |

| <b>Vilnes</b>            | <b>Holmedal</b>   |
|--------------------------|-------------------|
| Dagmar Dyrøy             | Terje Mork        |
| Oddgunn K. Grane         | Karen Espedal     |
| Lillian Oddekalv Gjervik | Solbjørg Vik      |
|                          | Ellen Marie Tveit |
|                          | Jorunn Bull       |
|                          | Sigmund Rivedal   |

Frå utvalet i Kvammen er kyrkjeadministrasjonen oppmoda om å spørje aktuelle medlemmer etter forslag frå utvalet. Dette har det ikkje vore kapasitet til å følgje opp.

Kandidatforslag frå Holmedal og Vilnes er enno ikkje motteke, men truleg vil forslag ligge føre til møtedato 12.12.2023.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd oppnemner medlemmer til kyrkjelydsutvala i samsvar med innkomne forslag frå utvala.
2. Kyrkjelydsutvala har funksjonstid t.o.m. 31.12.2027.

## **MØTEHANDSAMING**

Forslag sett fram i møtet om nytt punkt 2 (punkt 2 i innstillinga vert såleis punkt 3):

2. Ein oppmodar utvalet i Kvammen om å halde fram inntil nytt utval vert valt.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd oppnemner medlemmer til kyrkjelydsutvala i samsvar med innkomne forslag frå utvala.
2. Ein oppmodar utvalet i Kvammen om å halde fram inntil nytt utval vert valt.
3. Kyrkjelydsutvala har funksjonstid t.o.m. 31.12.2027.

## SR 2023/61 Offerlister 1. halvår 2024

### UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 01. januar 2024. Fastsett gudstenesteliste gjeld t.o.m. 23.06.2024. Kyrkjelydsutvala er oppmoda om å sette fram forslag til offerformål som vert lagt fram i møtet 12. desember.

Innkomne forslag er sett inn i gjeldande gudstenesteliste:

| Kirke           | Dato       | Tid   | Dag     | Liturgi                  | Offerformål                         |
|-----------------|------------|-------|---------|--------------------------|-------------------------------------|
| Askvoll kyrkje  | 07.01.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Askvoll kyrje                       |
| Askvoll kyrkje  | 04.02.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Det Norske Bibelselskap             |
| Askvoll kyrkje  | 14.02.2024 | 17:00 | Onsdag  | Aftansong                | Kirkens SOS i Bjørgvin              |
| Askvoll kyrkje  | 25.02.2024 | 17:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Kyrkjelydsarbeid                    |
| Askvoll kyrkje  | 17.03.2024 | 17:45 | Søndag  | Gudsteneste              | KFUM/KFUK Sogn og Fjorande          |
| Askvoll kyrkje  | 28.03.2024 | 18:00 | Torsdag | Gudsteneste              | Olset Bedehus                       |
| Askvoll kyrkje  | 31.03.2024 | 17:00 | Søndag  | Høgtidsgudsteneste       | Kyrkjelydens misjonsprosjekt        |
| Askvoll kyrkje  | 07.04.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Institutt for sjelesorg. Modum Bad  |
| Askvoll kyrkje  | 28.04.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Kirkens Bymisjon Bergen             |
| Askvoll kyrkje  | 11.05.2024 | 11:00 | Lørdag  | Konfirmasjonsgudsteneste | Kyrkjeblad for Askvoll              |
| Askvoll kyrkje  | 17.05.2024 | 10:00 | Fredag  | Gudsteneste              | Leger Uten Grenser                  |
| Askvoll kyrkje  | 23.06.2024 | 17:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Laurdagsklubben i Askvoll kyrkje    |
| Bulandet kapell | 28.01.2024 | 10:15 | Søndag  | Gudsteneste              | Stefanusalliansen                   |
| Bulandet kapell | 25.02.2024 | 10:15 | Søndag  | Gudsteneste              | Kyrkjelydens misjonsprosjekt        |
| Bulandet kapell | 17.03.2024 | 10:15 | Søndag  | Gudsteneste              | Kyrkjelydsarbeid                    |
| Bulandet kapell | 31.03.2024 | 10:15 | Søndag  | Høgtidsgudsteneste       | Fiskarheim i Bulandet               |
| Bulandet kapell | 21.04.2024 | 10:15 | Søndag  | Gudsteneste              | Kyrkjeblad for Askvoll              |
| Bulandet kapell | 04.05.2024 | 12:00 | Lørdag  | Konfirmasjonsgudsteneste | Bulandet kapell                     |
| Bulandet kapell | 02.06.2024 | 13:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Den Indre Sjømannsmisjon            |
| Holmedal kyrkje | 21.01.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Yngres Holmedal                     |
| Holmedal kyrkje | 03.03.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Kirkens Nødhjelp                    |
| Holmedal kyrkje | 30.03.2024 | 22:00 | Lørdag  | Gudsteneste              | Ikkje offer                         |
| Holmedal kyrkje | 07.04.2024 | 15:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Det Norske Misjonsselskap           |
| Holmedal kyrkje | 09.05.2024 | 11:00 | Torsdag | Konfirmasjonsgudsteneste | Holmedal bedehus                    |
| Holmedal kyrkje | 17.05.2024 | 11:15 | Fredag  | Gudsteneste              | Holmedal kyrkje                     |
| Hålandsstølen   | 23.06.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Kyrkjelydsarbeid                    |
| Kvammen kapell  | 07.01.2024 | 19:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Søndagsskuleforbundet Region Bergen |
| Kvammen kapell  | 18.02.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Gravferdskappe til Kvammen          |
| Kvammen kapell  | 03.03.2024 | 19:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Kyrkjelydens misjonsprosjekt        |
| Kvammen kapell  | 24.03.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Norsk Luthersk Misjonssamband       |
| Kvammen kapell  | 21.04.2024 | 19:00 | Søndag  | Gudsteneste              |                                     |
| Kvammen kapell  | 19.05.2024 | 12:00 | Søndag  | Konfirmasjonsgudsteneste | Trusopplæringa                      |
| Kvammen kapell  | 16.06.2024 | 11:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Nesholmen KFUK/KFUM'                |
| Vilnes kyrkje   | 21.01.2024 | 13:30 | Søndag  | Gudsteneste              | Redd Barna                          |
| Vilnes kyrkje   | 18.02.2024 | 18:00 | Søndag  | Gudsteneste              | Kyrkjelydsarbeid                    |



|                  |            |       |        |                          |  |
|------------------|------------|-------|--------|--------------------------|--|
| Vilnes kyrkje    | 22.03.2024 | 13:00 | Fredag | Gudsteneste              | Kirkens Bymisjon i Bergen                |
| Vilnes kyrkje    | 31.03.2024 | 15:00 | Søndag | Gudsteneste              | Sjømannskirken - Norsk kyrkje i utlandet |
| Vilnes kyrkje    | 12.05.2024 | 11:00 | Søndag | Konfirmasjonsgudsteneste | Vilnes kyrkje                            |
| Vilnes kyrkje    | 20.05.2024 | 11:00 | Mandag | Høgtidsgudsteneste       | Trusopplæringa                           |
| Vilnes kyrkje    | 02.06.2024 | 11:00 | Søndag | Gudsteneste              | Kirkens SOS i Bergen                     |
| Værlandet kapell | 04.05.2024 | 14:00 | Lørdag | Konfirmasjonsgudsteneste | Værlandet bedehuskapell                  |

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste i samsvar med forslaga frå kyrkjelydsutvala.

## MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram i møtet frå kyrkjevevja om at offer i Værlandet 04. mai går til Værlandet bedehuskapell (innarbeidd i tabellen).

Forslag om nytt punkt 2. sett fram av Jostein Gryte om at kyrkjelydsutvalet i Kvammen har fullmakt til å komplettere offerlista for Kvammen.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste i samsvar med forslaga frå kyrkjelydsutvala.
2. Kyrkjelydsutvalet i Kvammen har fullmakt til å komplettere offerlista for Kvammen.